



NR 1, 2023 KYRKJELYDSBLAD FOR SOKNA I HØYANGER KOMMUNE 91. ÅRG

I dette nummeret kan du lese om:

- Stem i kyrkjevalet!
- Fornufta sin stein
- Fasteaksjonen 2023
- Ny sekretær på kyrkjekontoret
- Ny biskop Ragnhild Jepsen
- Nytt frå kyrkjeverja

God påske!



Fugl Fønix motiv i Høyanger kyrkje. Foto: Bjørnar Otterstein

HELGESTUNDER

Kyrkjelydsblad for Høyanger, Kyrkjebø, Lavik, Bjordal & Ortnevik sokn. **I redaksjonen:** Sturla Bell Fossen, Toril Lange, Vidar Myren, Sissel Sørebo, Andreas Ester. **Layout:** Bjørnar Otterstein

Pengegaver vert mottekne med takk!

Bankgiro: 3705.24.53659 - Vipps 716593

Trykk/oppsett: Printfarm AS

Stem i kyrkjevalet! - Takk til alle som stiller!

I år blir det kyrkjeval 10. og 11. september, pluss moglegheit til førehandsrøysting. Mens eg skriv dette leitar nominasjonskomitéane i alle 4 sokna i kommunen etter kandidatar til nye sokneråd. Soknet og soknerådet er det lokale styret med ansvar for all aktivitet i lokalkyrkja. Demokratisk styring har utvikla seg i Den norske kyrkja gjennom fleire tiår. Dette byr på ein stor sjanse til å bli aktiv, men ei like stor utfordring også. Det er to nivå for å bli aktiv for kyrkja si under valet. Og to ting eg ønskjer å sei her.

- 1. Stem i valet! Bruk røysteretten!** Dette har dei aller flest nokså lett for å gjere. Og vi vi leggje best mogleg til rette for at alle kan få det til. Enten fysisk til stades på valdagen eller gjennom førehandsrøysting. Men å gjere det er faktisk er utruleg viktig! Set av tid til det. Det er ei viktig støtte for alle som jobbar i kyrkja og engasjerer seg der. Og særleg for dei som skal sitje i soknerådet i den kommande perioden.
- 2. Takk til alle som stiller! Og takk til alle som har vore i det sitjande, og tidlegare sokneråd!** Realiteten er at mange har nokså vanskeleg for å kunne tenkje seg å stille til val. Mest av praktiske årsaker. Og dei synes kanskje: «Eg har ikkje noko å bidra med!» Eg har no i ganske mange år og gjennom fleire soknerådsperiodar opplevd kor mange som har gjort ein kjempejobb! Dei fortener stor ros for dette. Alle har gjort sitt. Dei har sett sitt preg på kyrkja, og har bidrege i fredstid og i meir kriseprega tid. Slik som under pandemien td.. Ingen var førebudde på dette, men alle lokale sokneråd har stilt opp og styrt kyrkjeskuta (eit eldgamalt bilete for kyrkja) gjennom stormen. Eg er spent på dei som no skal sitje i dei nye råda, og eg gler meg til å samarbeide med dykk!

sokneprest Andreas Ester

www.kyrkja/hovanger/
www.facebook.com/kyrkjaihovanger/
www.instagram.com/kyrkjai/

Høyanger kyrkjekontor

Marcus Thranes gt.3. Pb. 159
 6991 Høyanger
 Telefon: 57 71 41 00
post.hoyanger@kyrkja.no

Lavik kyrkjekontor

Postadr.: Pb 14, 6946 Lavik
 Telefon: 57 71 41 00
post.hoyanger@kyrkja.no

Adm. sekretær: Ali Kharrat

Jobbmobil: 40 45 86 49
 E-post: MK549@kyrkja.no

Prøst: Knut Magne Nesse

Brendøyvegen 26, 6906 Florø
 Mobil: 91 71 32 75
 E-post: knut.magne.nesse@kinn.kyrkja.no

Sokneprest Høyanger/Kyrkjebø:

Andreas Ester, 6947 Lavik
 Mobil: 45 22 17 37
 E-post: AE639@kyrkja.no

Vikarprest Lavik og Bjordal/Ortnevik

Geir Sørebo, 5962 Bjordal
 Mobil: 95 72 91 72
 E-post: GS533@kyrkja.no

Kyrkjeverje: Stig Jonny Fitje

Kyrkjekontoret i Høyanger
 Telefon kontor: 57 71 41 00
 Mobil: 91 76 38 03
 E-post: SF729@kyrkja.no

Kantor: Gerda Otterstein

6993 Høyanger
 Mobil: 94 18 67 09
 E-post: GO985@kyrkja.no

Leiarar av sokneråda:

Høy: May-W. Fossmark 90 53 90 02
 Kyrkjebø: Sturla B. Fossen 99 49 47 45
 Lavik: Toril Lange 91 68 94 59
 Bjo. og Ort: Sissel Sørebo 91 68 93 81

Leiar kyrkjeleg fellesråd:

Sturla Bell Fossen 99 49 47 45

Kyrkjetenarar

Høyanger: Heike Müller tlf. 99 39 84 97
 Kyrkjebø: Irene Aase Aarseth tlf. 97 0129 77
 Vadheim: Irene Aase Aarseth tlf. 97 0129 77
 Lavik: Olav Hellebø tlf. 90 08 49 12
 Bjordal:
 Ortnevik: Joar Oppedal tlf. 41 10 05 87

KIRKENS SOS: Tlf. 22 40 00 40

Fornufta sin stein

Tidleg om morgonen første dagen i veka kom dei til grava med det same sola rann. Dei sa seg imellom: «Kven skal vi få til å rulla steinen frå gravopninga?» Men då dei såg opp, fekk dei sjå at steinen var rulla til sides. Han var svært stor. (Mark 16,2-4)

Eg hugsar frå ei avis for mange år sidan ei teikning av to naboar som stod og snakka saman. I snakkebobla til den eine stod det skrive: «Fornuften min hindrar meg i å tru.» Kommentaren frå naboen var: «Det var då eit veldig lite hinder.»

Men faktum er vel, anten vi har stor eller liten fornuft, at vår kunnskap og erfaring er eit avgjerande hinder for å tru at Gud er verkeleg og at han er verksam i vår verd og i mitt liv. Har eg ein god grunn til å tru at det er ein Gud som høyrer mine bønner?

Er det noko erfaring som tilseier at vi har ein Gud som styrer utviklinga i verda? Er det noko som tilseier at vi ut frå nåden i Jesus Kristus kan vente oss eit liv etter døden?


Slike tankar kan liggje der som ein tung stein som stengjer for trua.

Ein stein som er umogeleg å flytte.

Alle evangelistane fortel om den store steinen som stengde opninga til Jesu grav. Det var ingen tilgang til Jesus meir.

Men påskemorgon var steinen brått velta til sides. Matteus seier det var ein engel frå himmelen som hadde rulla han vekk. Og så får disiplane møte den oppstadne Jesus. Dei får ei ny tru. Det er nok slik framleis. Det er Jesu oppstode som forandrar alt. Det er i møte med den oppstadne Jesus at erfaringane og fornufta sin stein vert sett til sides. Det er til og med nokre av oss som har opplevd at fornufta sin stein ikkje lenger er så tung.

Geir Sørebo



Min påskesalme

Eg er spurd om kva som er min påskesalme. Den påskesalmen eg kjenner best er: «Påskemorgen slukker sorgen.» Den salmen høyrer påska til for meg. Det knyter seg så mange minne både til salmen og opplevingar i barndommen.

Påskemorgon vakna me av mor si nydelege songstemme som song «Påskemorgen slukker sorgen.» Ho var då i full sving med frukosten nede på kjøkenet.

Er eg i kyrkja ei påskehelg utan å få høyre den salmen, vert eg skuffa. Innhaldet har eg kanskje ikkje festa meg så mykje ved, men det er alle minna som knyter seg til den salmen. Og det er jo ein mektig salme!

For oss veglause på Norevik, var det ikkje enkelt å kome til kyrkja i Lavik, eller ei anna for den del. Men på påskedag vart det arrangert båtskyss. Det var ikkje noko problem med dei flotte fraktebåtane som høyrde til på Norevik. Nataniel og Alken var nok mest brukte, men Gemeni med sin dunk-dunkelyd, vart og brukt.

Då strøymde bygdefolket til kaien i sundagsklede med nistekorg, og glade for å komme seg til kyrkje. Var det kaldt og surt ver, klatra me ned i lasterommet. Dei som trengde litt meir varme og hadde småe ungar, fekk komme opp i styrehuset.

Reisetida vart vèl brukt til gode samtalar om ver og vind, og løysing av verdsproblema.



Jens G. Før Sund var prest på den tida, og preika kunne vere lang. Han hadde ei kraftig stemme og heldt nok oss ungene på galleriet under oppsikt. Men me oppførde oss fint. Viktigaste salmen var sjølv sagt: «Påskemorgen slukker sorgen.» Me hadde alle eit forhold til den salmen og det var den me venta på å få høyre, og å få syngje.

T: N.F.S. Grundtvik 1843

M: Ludvig M. Lindeman 1864

Norsk salmebok nr 196.

***Påskemorgen slukker sorgen,
slukker sorgen til evig tid;
Den har oss givet lyset og livet,
lyset og livet i dawning blid.
Påskemorgen slukker sorgen,
slukker sorgen til evig tid.***

Oddborg Hellebø Klævold

Fasteaksjonen 26.-28. mars 2023

«Håp i ein drope vatn».



Kanskje har du fått besøk av ein kjekk ungdom med innsamlingsbøsse ein av dei siste dagane. Konfirmantane i kommunen saman med sokneråda er med på den årlege fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp.

Saman med kyrkjene i Norge jobbar Kirkens Nødhjelp med akutt bistand i katastrofar og med langsiktige prosjekt for å redusere naud og fattigdom i verda. Saman jobbar ein for fred og rettferd, og for å redde liv. I fasteaksjonen vert det samla inn pengar til dette livsviktige arbeidet.

Vatn har mykje å seie for livskvaliteten til folk. Mange har dårleg tilgang på vatn, og ofte er vatn av dårleg kvalitet.

Å sikre at menneske i naud får tilgang til vatn, hygiene- og sanitære løysingar, har vore eit hovudtema for Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon og fleire andre aksjonar siste 10 år.

Eit av landa Kirkens Nødhjelp arbeider i er Tanzania. I 2014 hadde Kirkens Nødhjelp TV-aksjonen, og av dei innsamla midlane var det 1,7 millionar menneske som fekk varig tilgang til reint vann.

Landsbyen til 15 år gamle Deodata er ein av disse. Før dei fekk brønn og reint vatn, skapte lange tørkeperiodar store problem, og dei måtte gå langt for å hente vatn.

Deodata seier:

– Eg gjekk for å hente vatn kvar morgon klokka fem og gjekk i to timar. Då eg kom heim, sprang eg til skulen for ikkje å kome for seint. Etter skulen sprang eg heim for gå i to nye timar. Først klokka 19.30 på kvelden kunne eg setje meg ned og gjere lekser, fortel ho.

Deodata legg til at ho alltid var sliten og trøytt, og at ho grudde seg til å hente vatn på ettermiddagane. For ofte rakk ho ikkje heim før det blei mørkt.

– Eg syntest det var ekstra skummelt å gå i mørkret, minnest ho.



Rundt vasspumpa i Goje er det no full aktivitet. Skulen til Deodata er her for å hente vatn. Sjølv slepp ho å gå i timevis og kan konsentrere seg om å bli lege.

Har du ikkje fått gitt til fasteaksjonen, er det framleis høve. Då kan du gje på **vipps 2426**,

SMS: VANN 2426 (250 kr) eller til konto 1594. 22.87493

Velkomen til ny sekretær på kyrkjekontoret; Ali Kharrat



Ali Kharrat er ny administrasjonssekretær på kyrkjekontoret, han begynte i denne stillinga 1. januar. Vi håpar han trivst godt i denne jobben, og ønskjer å presentere han med eit intervju som soknepresten hadde med han 23. februar.

- ***Kan du fortelje litt om oppveksten din?***

Eg kjem frå ein god familie, hadde ein veldig fin oppvekst, eg er eldst av to brør, faren min jobba i kommunen sin personalavdeling, mor var heime.

Eg vaks opp i byen Aleppo som er ein utruleg vakker og veldig gamal by, ein av dei eldste byane i heile verda. I dei store byane i Syria som Aleppo og Damaskus har det eksistert eit fredeleg samliv av muslimar, kristne og jødar i mange hundre år. Denne kulturen eksisterte framleis då eg var barn og i grunnen fram til krigen braut ut i 2011.

Med eit unntak: mange jødar flytta frå Syria til Israel etter den arabisk-israelske krigen i 1973. Det var eit ope samfunn, det var mogleg å snakke om alt – bortsett frå det regjerande Bath-partiet og Assad-regimet.

- ***Korleis opplevde du forholdet mellom muslimar og kristne?***

Det var ikkje synleg i bybiletet kven som var muslim eller kristen. Og alle var gode naboar med kvarandre. Under den kristne fastetida kom kristne til muslimske naboar med fastemat dei hadde laga for å tilby det, og omvendt: i den muslimske fastetida kom muslimane og delte av fastematen sin med kristne naboar.

Eg er ein «vanleg» muslim. Eg synest kristne og muslimar har mykje til felles i trua si og trur på same Gud.

Eg gjekk på kristen privatskule i fleire år. Mest på grunn av faktumet at dei hadde engelsk som framandspråk frå første klasse. Eg hugsar framleis ein kristen song som vi lærte der.

(han begynner å nynne på den).



- ***Korleis var det då krigen braut ut?***

Eg begynte å studere økonomi og IT ved universitetet i Aleppo i 2007, og tok Bachelor i 2012. Etterpå vart eg avdelingssjef i ein bank i Aleppo. Eg hadde bil og leilegheit og eit godt liv. Eg var heldig og prøvde å hjelpe andre.

Krigen i Syria braut ut i 2011. Det er eit stort skilje for Syria i tida før og etter! Det var ein krig mellom naboar som hadde budd fredeleg ved sidan av kvarandre. Ein krig alle mot alle. Muslimar mot muslimar. Radikaliseringa kom som følgje av politikken, av krigen. Radikale grupper som ISIS er meir aggressive mot muslimar som meg, enn mot ikkje-muslimar.

- ***Når bestemte du deg for å forlate Syria?***

Eg reiste frå Syria i 2013. Det fantes berre 3 - 4 land eg kunne reise til legalt. Blant desse var Russland. Eg ønskte å studere vidare til Master, derfor valde eg å ta fly til Moskva.

I første periode var det ok å vere der. Men så vart Russland aktiv i Syria-krigen i 2014, og det vart lagt stort press på flyktningane frå Syria for at dei skulle reise tilbake til landet og krige for russarane og Assad-sida.

- ***Korleis kom du til Norge? Og korleis var det å komme hit?***

Norge har jo felles landegrense med Russland i nord. Som mange andre flyktningar valde eg å reise til Norge, og eg sykla over grensa til den andre sida i 2015.

Nordmenn har vore veldig snille og hjelpsame mot meg frå dag ein. Det har vore helt motsett enn i Russland i tida før. For 3 månadar sidan fekk eg kjærasten min til å komme hit til meg. Ho heiter Aya.

Eg søkte UDI fleire gonger om å få henne til Norge, men fekk heile tida «nei» fordi vi ikkje var gifte. Derfor måtte ho ta den risikable turen i liten båt over havet frå Tyrkia til Hellas. No er ho trygt framme her i Høyanger.

- ***Kva ønskjer du deg mest for framtida?***

Eg har ikkje møtt foreldra mine og broren min på heile 9 år! Heldigvis er det mogleg å vere i kontakt via telefon og andre kanalar. No søker eg om å få norsk pass for å kunne reise til Tyrkia og treffe dei der. Eg håpar det går i orden snart!



Tekst og foto: Andreas Ester

Takk til Bjørnar Otterstein!

Den 5. mars markerte fellesrådet at kyrkjeverja i Høyanger gjennom 20 år no avsluttar si teneste og går over i pensjonistane sine rekker. Under gudstenesta i Høyanger den dagen vart det overrekt ei gåve, og leiaren i fellesrådet, Sturla Bell Fossen, helsa han med desse orda:

Gode Kyrkjelyd!

Som leiar i Høyanger kyrkjelege fellesråd har eg i dag ei oppgåve som ikkje er heilt kvardagsleg for den som innehar det vervet – i alle fall ikkje her i kommunen. Me vil nemleg her i kyrkja markere eit lite tidskilje i dag, idet me skal takke av ein av våre tilsette, som trufast har gjort ein jobb for oss dei siste tjue åra. Det er Bjørnar Otterstein, som har vore kyrkjeverje i Høyanger sidan 2002. Han nådde pensjonsalder rett før årsskiftet, og han vil stå i jobben fram til 31. mars i år. Frå fyrste arbeidsdag i april vil den nye kyrkjeverja vere på plass.

At Bjørnar avsluttar si teneste vil me markere her i kyrkja no, og også med ei samling for inviterte gjester i Høyanger bedehus rett etter gudstenesta i dag. Høyanger kyrkjelege fellesråd vil, som arbeidsgjevaren din Bjørnar, her og no, takke deg for din innsats ved å gje deg ei gåve frå våre fire sokn og fellesrådet.

Gåva er handfast, og samstundes noko symbolsk i, som kan spegle sider av deg. Den er traust, men òg omformeleg, og den viser eit tydeleg teikn og ei retning. Du får ei handlaga gåve, rett nok produsert i ein av våre nabokommunar, men likevel eit kortreist og solid stykke norsk handtverk, med preg av lange, kulturelle tradisjonar. Gåva speglar sider av deg fordi:

Den er, som du: traust, - og står stødig som fjell, sjølv når det stormar og bles.

Den er, som du: laga av formeleg materiale – og kan gjere nytte til høgst ulik bruk. - like u-einsarta som dei oppgåvene du som kyrkjeverje har måtta tilpasse deg, under omskiftelege økonomiske og kommune-politiske rammevilkår, og ikkje minst: i høve til det til ei kvar tid sitjande fellesråd sine ulike interesser og prioriteringar. Den er, som du: tydeleg.

Gåva syner ei retning, som me veit har vore viktig for deg i arbeidet ditt: kva er målet med det me gjer, og går me i rett lei mot målet? Gåva er ein kopi av **Gulatingskrossen**, utforma i stein, og sett på ein sokkel. Krossen er laga av Torbjørn Løland i firmaet Åfjordstein i Hyllestad, og på sokkelen står: **Kyrkjeverje 2002 – 2022**.

Tusen takk for di lange, og trufaste teneste som kyrkjeverje i Høyanger!



Foto: Irene Aase Aarseth

Ny biskop Ragnhild Jepsen



Søndag 16. april blir Ragnhild Jepsen i Bergen domkirke innsett som ny biskop i Bjørgvin. Alle soknerådsleiarane i bispedømmet er inviterte til å vere med. Ho blir den første kvinnelege biskopen i Bjørgvin. Tilsettinga gjer også at Den norske kyrkja for første gong vil få eit kvinneleg fleirtal i bispekollegiet.. Ragnhild Jepsen er 53 år gammal og kjem frå Ål i Hallingdal. Ho har arbeidd som domprost i Nidaros sidan 2011. På

spørsmål om kva slags biskop ho blir, svarar ho: «Ein som vil lytte og samle. No vil eg bruke tid på å bli godt kjent i bispedømmet, med medarbeidarane, friviljuge og samfunnsinstitusjonar».

Gler seg til å juble for påska

Ragnhild Jepsen har vore til stades i fleire bispevigsler tidlegare. Ho trur ein slik dag kan vera god å ha i ryggen seinare. — Det er mykje fest og fokus på ein person, og det er fint å ha med velsigninga, bønene og fellesskapet når kvardagen kjem med ulike krevjande situasjonar. Det er noko stort i det å bli sett og kjenne på kyrkja sitt tydelege ja til meg som biskop, eg ser verkeleg fram til den dagen. Eg er også veldig glad i å feire gudsteneste, og det blir flott å syngja påskesalmar denne første søndagen etter påske, seier ho i intervju med Jens Z. Meyer.

Han spør vidare: Er påska relevant i vår tid?

– Når me jublar påskegleda ut på første påskedag, er det på vegner av alt Gud har skapt som også skal bli nyskapt. Det som hende i påska med Jesu død og oppstode er det endelege beviset på at Gud har frelst sin skapning og har tru på mennesket og alt Han har skapt, seier den komande biskopen.

Kva har kyrkja å «tilby» til folk flest?

– Gode fellesskap der du kan koma uansett alder, funksjon eller prestasjon. Me skal også vera ein fortolkar av tida vår. Dersom me til dømes opplever barnefattigdom, korleis kan me då vera kyrkje på ein truverdig og evangelisk måte? Dette må skje lokalt, men det er viktig å ha støtte frå bispedømmet. Eg synest det er viktig at kyrkja, som ein del av lokalsamfunnet, spelar saman med lokale organisasjonar, skular og grupper. Eg vil også oppmuntra om å byggja kristne fellesskap der me samlast om det som er umisseleg for oss.

Vi gler oss til å bli kjent med den nye biskopen vår, og ynskjer henne hjarteleg velkommen!

Sissel Sørebo

Konfirmantweekend 2023 på Alværa



«Bøne-book» som sosialt medium.

Bøn er eit «sosialt medium» der du kan dele statusen din med Gud, korleis du har det der og då. Bøn er kommunikasjon, ein relasjon med Gud. Dette ville vi utprøve heilt konkret med konfirmantane då vi var på årets weekend på Alværa. Men offline med penn og papir. Dei skulle lage ein selfie, eit sjølvportrett som viser korleis dei ser på seg sjølv. Og det gjorde dei, med konsentrasjon og glede!

Weekenden var fredag til søndag 27. – 29. januar. Då var konfirmantar frå alle 4 sokn i Høyanger kommune pluss dei frå Hyllestad samla. Dei fekk ein fin tone og kommunikasjon seg imellom. Tema var «venskap» og «Jesus som ven». Simon Peter er hovudeksempelen for venskap med Jesus i Det nye testamentet. Vi jobba med fleire historier om han, og laga spennande bibeldramastykke. Og så hadde vi mykje moro også!



Andreas Ester



Sigrid og Sverre Elveseter - 80 års jubilantar!



Tekst og foto: Bjørnar Otterstein

Under samlinga for avtroppande kyrkjeverje i Høyanger bedehus den 5. mars 2023, var Sigrid og Sverre Elveseter mellom dei ca. 40 inviterte gjestene. Dei har begge jubileum i desse dagar, ettersom dei fylte/fyller 80 år, Sverre i februar og Sigrid i mars.

Dette vart markert ved at fellesrådsleiar Sturla Bell Fossen overrekte ein fin blomsteroppsats frå Høyanger kyrkjelege fellestråd, og takka dei for deira mangeårige og brennande engasjement for det kristne arbeidet i kyrkjelydane våre. At takk og blomster-overrekking skjedde nettopp i Høyanger Bedehus, var heilt på sin plass, og det var svært fortent!

Inspirerende kyrkje- og misjonsdag på Alværa

Etter fleire avlysingar på grunn av pandemi var det kjærkome å møtast til temadag og årsmøte for NMS. 30 personar frå Ytre Sogn fann vegen til Alværa laurdag 07. 01. etter at uframkommeleg ver hadde betra seg over natta.



Foto: Trude Brosvik

Klima- og naturkrisa

var bakgrunnen for Helle Leivestad Kartveit sine utfordringar til å tenkje på kva kvar einskild av oss kan gjere for at skadeverknadene av overforbruket i kulturen vår kan verte mindre. NMS har ei gruppe ungdommar som kallar seg «grådighetsbekjempere». Då dei skulle legge ein strategi for NMS sitt globale arbeid med diakoni og «fattigdomsbekjempelse», starta ein diskusjon: Kva er fattigdom? Kva er motsatsen? Er nokon fattige fordi andre er rike? Nokon meinte at det ikkje var «fattigdomsbekjempelse» ein skulle halde på med, men «grådighetsbekjempelse». Slik vart kamp mot grådighet sett på agendaen. Det handlar om overforbruk i vår del av verda, og det å aldri få nok. Inspirert av denne gruppa vart vi utfordra til å komme med idear til kva kvar einskild kan gjere i klima- og miljøkrisa ut i frå fem kategoriar. Aktiviteten vart stor rundt borda då vi delte kreative

idear på post-it-lappar når det gjeld tid, garderobe, reise, ting og tang og kjøkken.



Prat og mat - gudsteneste og song

I løpet av dagen fekk vi tid til å prate mykje saman, og summing og latter fylte lokala. Etter god middag, laga av Jens Friis, kunne vi samlast til gudsteneste der Geir Sørebo gjennom keltisk liturgi og preike også gav oss teologisk djupne i forholdet vårt til skaparverket. Gjennom heile dagen var det ekstra god song leia av Ole Agnar Helland, forsongargruppe frå Brekke og Keiko Matsui-Li på fløyte og fiolin.



Foto: KH

Glimt frå kyrkjelydane

I løpet av året har vi fleire tilbod til trusopplæring for barn og unge i dei ulike aldersgruppene. Det er T-dagar, myldresamlingar, tårnagentar, minikonfirmantar osv. På samlingane lærer dei om Jesu liv, blir kjent i kyrkja si og høyrer forteljngar frå Bibelen. Mange kreative ting blir laga i påske- og juleverkstader rundt i dei forskjellige sokna.



Om hausten er det hausttakkefest og utdeling av “Mi kyrkjebok 4” og “Mi kyrkjebok 6”. Borna medverkar på gudstenestene og viser gjerne fram det dei øvde på i samlingane, til dømes drama om Bartimeus. Tekst: Heike Müller Foto: Marit Tønning



På Kyrkjebakken

Påskemåltid i Lavik kyrkje

Som vanleg inviterer Lavik sokneråd til påskemåltid i kyrkja skjærtorsdag kl. 19.00. Langbordet i midtgangen vert dekkja, og vi held måltid nesten slik som jødane gjer det for å minnast då israelittane flykta frå Egypt og Farao på Moses si tid. Dette er ei litt annleis samling der alle deltek meir enn det som er vanleg på gudstenestene i kyrkja. Vi syng, les forteljingar frå Bibelen og får smake på nokre av dei same rettane som



jødane brukar – små rettar som symboliserer ulike deler av denne dramatiske forteljinga. I tillegg har vi eit vanleg norsk måltid, betasuppe, før vi avsluttar med nattverd. Vi ynskjer små og store frå heile kommunen velkomne til ei spesiell stund og ein fin kveld i kyrkja. Tekst: Toril Lange Foto: Karl Hjelmeland

Påskevandring

rundt Kyrkjebø og Lavik kyrkjer. Ta gjerne turen til kyrkja sjølv når det ikkje er gudsteneste i påsketida. På kyrkjegarden og rundt kyrkja er det sett opp 14 ulike plansjar med tema påske. På Kyrkjebø er tema: Jesu krossvandring, og i Lavik er temaet håp med bibeltekstar om Jesus si oppstode frå dei døde. Velkommen til ei stille vandring rundt kyrkjene.

Foto: Eirin Borlaug

Glimt frå arbeidet - Mat og prat

Som ei oppfølging av visitasmeldinga frå desember 2019 og spørjeundersøkinga frå same år, vart det planlagt samlingar for «menneske midt i livet». Mat og prat er ei ganske uformell samling. Vi startar med å ete kvelds, før det er ei innleiing om temaet. På samlinga 9. februar innleia Geir Sørebo om tema: Eg trur på Den heilage ande. Deretter gjekk praten om og rundt temaet, og om laust og fast. Vi har ikkje vore den store flokken, men dette er noko vi vil halde fram med. Så til hausten - oktober/november vert det ny Mat og prat-samling på Alværa.



Aktivitet for born og unge i Lavik

Mange born/unge har vore samla til tårnagenthelg, t-dag og/eller myldresamling i løpet av januar. På tårnagenthelga inntok 9 tårnagentar, 5 englevakter (ungdomsleiarar) og 4 agentsjefar Lavik kyrkje. Utstyrt med rett agentutstyr, klarte alle seg bra. Høge tårn vart bygd av fyrstikker, gamle salmebøker og klossar. Og alle kom seg lett opp i kyrkjetårnet trass i flaggermus og edderkoppar. Utan mat duger ikkje agentar, og menyen var flaggermussuppe. Siste aktivitet laurdag var å førebu tårnagentgudstenesta neste dag – og med så mange gode medarbeidarar vart det ei kjekk gudsteneste. Tårnagenthelg er det ein gong i året, men myldresamlingar i kyrkja og t-dagar på kyrkjekontoret vil ein prøve å arrangere om lag ein gong i månaden. Invitasjonen kjem på Messenger gruppene.

Alværastemnet søndag 4. juni.

Vi startar stemnet med gudsteneste kl. 11.00. Deretter vert det middag og ettermiddagssamling med kaffi. Det vert også årsmøte for den nye Alværa-foreininga. Set av datoen alt no. Meir informasjon kjem seinare.

På Kyrkjebakken

Song på Sørsida Bygdetun



Olav Bjordal og Kari Søreide er gode medarbeidarar. Foto: Mari-Ann Lund Fridtun

Sidan januar har rundt 20 songglade personar samla seg i stova på Bygdetunet annankvar måndag kl. 17.00. I tru på at song og musikk er viktig for helsa, støttar organisasjonar i bygda opp om songstundene. Olav Bjordal kjem med trekkspelet sitt når han har høve til det, og stemninga er god når vi syng dei gamle songane som mange kan utanboks frå skuletida. No har vi kjøpt inn ti ekstra songbøker så alle kan sjå tekstane i stor skrift. Velkommen til å vere med anten du vil syngje eller gle deg ved å lytte!

Sissel Sørebo

Friluftsgudsteneste på Sørebo

Første pinsedag kl. 12.00 blir det samling for små og store. Geir Sørebo er prest og det blir song v/born. Anders Brekke vil spele på orgelet sitt. Soknerådet ordnar med kyrkjekaffi, og dei som vil grille tek med seg det dei treng til sin familie. Det blir leikar og natursti for born og vaksne. Alle er hjarteleg velkomne!

Myldresamling

i Ortnevik Grendehus laurdag 22. april kl. 15.30 med opplegg for 1-6 åringar. Vi håpar at born frå alle bygdelaga kjem, og ein må gjerne ta med syskjenn og vener. Kyrkjelydsarbeidar Heike Müller har ansvar for opplegget i lag med lokale medarbeidarar.

T-dag på Sørebo

Tysdag 18. april er born frå 1. – 7. klasse velkomne til aktivitetar på Sørebo etter skuletid

Familiesamling i Ortnevik

Laurdag 17. juni kl. 15.30 blir det eit opplegg i Ortnevik kyrkje tilpassa born. Deretter blir det, dersom veret tillet det, leikar, aktivitetar og grilling utanfor grendehuset. Folk i alle aldrar er velkomne til å vere med!

Bjordal og Ortnevik sokneråd

God helg på nettet

Når vi kjem til pinse dette året er det tre år sidan Geir Sørebo byrja å leggje ut på YouTube nokre tankar knytt til søndagsteksten frå Bibelen. Den norske kyrkja har tre teksttrekkjer, og no får alle ein kommentar gjerne knytt til naturen og gardslivet. Som oftast har Jostein Hauge sunge salmane som er med. Det ligg no ute om lag 150 God helg sendingar som ein kan finne på

<https://www.worshippinginthenature.com>

Dugnader ved kyrkjene

Årleg vårdugnad er svært viktig for at gravplassane skal vere fine, så følg med på plakatar, og møt opp med reiskap og godt humør for å bli med i arbeidsfelleskapet!



BARNAS

Finn 10 hovudstader!

I rutenettet under har vi gøymt 10 forskjellige hovudstader. Namna står frå venstre mot høgre og nedover. Klarer du å finne alle saman?

M	A	N	I	L	A	N	T
O	S	A	T	H	E	N	A
S	O	P	N	E	G	A	L
O	F	T	A	L	E	I	I
S	I	G	R	S	U	R	M
L	E	K	A	I	R	O	A
O	R	Ø	I	N	F	B	R
R	O	M	A	K	S	I	O
B	E	R	L	I	N	E	M
I	M	S	H	A	N	O	I

Finn fem feil!

Her viser Jesus seg for disiplane etter at han døde og stod opp att. Dei to bileta er nesten heilt like, men kan du finne fem feil på biletet til høgre? Teikning: Chiara Bertelli

Kva hadde vi kalla Noahs ark hvis den hadde vore ein rutebåt?
Svar: Ruteark

Vitsar

- Kelner! Er dette ein vanleg tre-rettars middag?
- Ja, ein kjøttkake, ein potet og ein ert.
- Eg skal ha to kaffe utan fløte.
- Vi har ikkje fløte, så då må det bli utan mjølk.



Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



Teikning: Chiara Bertelli

Fargelegg!



Nytt frå Kyrkjeverja

Økonomisk resultat HKF 2022

Rekneskapen for HKF viser eit stort underskot i 2022 på kr. 444 485. Dette skuldast svikt i inntekter frå festeavgifter på kr. 107 600, meirutgifter til KLP på kr. 34 000, meirutgifter annonsekostnader med kr. 82 300, meirutgifter bygg og anlegg kr. 50 000, og unytta trusopp-læringsmidlar på kr. 179 668, avsett på bunde fond. Desse faktorane i sum ligg bak det dårlege økonomiske resultatet.

Ny kyrkjeverje Stig Jonny Fitje



1. april tiltrer Stig Jonny Fitje stillinga som ny kyrkjeverje i Høyanger kyrkjelege fellestråd. Han bur i Førde og kjem den første tida til å vekependle derifrå. Han vil bu på garden Fitje i Ortnevik, som kona og han eig. Det er planen å flytte tilbake til garden etter kvart. Stig Jonny har eit livslangt engasjement i kyrkja, mest gjennom KFUK-KFUM, og ser fram til å bruke arbeidstida si i teneste for kyrkja i Høyanger. Han er kjend i kommunen sidan familien etablerte seg i Ortnevik og dreiv garden frå 1994 til dei flytta i 2003. Då jobba han også som lærar i kommunen.

Vi brukar senketau

Høyanger kyrkjelege fellestråd har det siste året i større og større grad gått over til å bruke senketau i staden for senkeapparat i samband med gravferder i kommunen. Det same har ein også gjort i dei andre fellestråda i prostiet, og det er det gode grunnar til. Senketau er enklare og sikrere i bruk, og det er ein meir personleg måte å senke den avdøde ned i grava på. Senkeapparat er meir utsett for teknisk svikt og funksjonsfeil, og vi har fleire eksempel både på ting som har gått gale, og ting som kunne ha gjort det, både her hos oss og andre stader.

Takk for meg!

Eg tok til som kyrkjeverje hausten 2002, etter 14 travle år som kontrollør på Fundo. I kyrkja kom eg inn som administrator i eit arbeidsfellesskap med prestar, kyrkjjetenarar, kantorar og sekretærar, som alle kunne sette meg inn i kva jobben som kyrkjeverje gjekk ut på. Og vi fekk til eit godt samarbeid med dei tilsette, med fagforeningane og med kommunen. Arbeidsoppgåvene som kyrkjeverje har vore svært samansette, varierte og interessante, og ingen dag har vore lik, det har alltid vore uventa utfordringar som har dukka opp, og som måtte løysast. Kyrkjeverjerolla har langt på veg oppslukt meg 24/7, og eg har fått brukt alle mine evner.

Når eg no går ut av arbeidslivet, vil eg takke alle gode medarbeidarar, både noverande og tidlegare, for stayerevne, for arbeidsvilje og for godt humør! Takk for den etappen vi har gått saman! Takk til Høyanger kyrkjelege fellestråd som har vore min arbeidsgjevar, og takk til Høyanger kommune som har gjort det økonomisk mogeleg å setje kyrkjene i stand, og å drifte gravplassane på ein god og forsvarleg måte. Høyanger kommune har alltid møtt meg med velvilje og merksemd når eg har teke opp saker som har vore viktige for sokneråd og fellestråd å få gjort noko med. Takk for alle gode ord, helsingar og gåver! Og takk til han som har lagt gode gjerningar framfor oss, for at vi skal vandre i dei!

Bjørnar Otterstein, avtroppande kyrkjeverje i Høyanger

I GLEDE OG SORG

DØYPTE

Ortnevik kyrkje

08.01.2023 Filip Merkesvik Ådland

Høyanger kyrkje

27.11.2022 Tomine Olea Selnes Indrebø

05.03.2023 Jo Liebe Hjetland

05.03.2023 Sverre Drage Skreien

Kyrkjebø kyrkje

12.02.2023 Hermine Jonsson Eide



DØDE

Høyanger

26.11.2022 Jorunn M. Nestegjerde

27.11.2022 Ingebjørg Aksnes

29.11.2022 Oddvar Hjetland

15.12.2022 Egil Sæbø

16.12.2022 Aslaug Kjørås

31.12.2022 Solveig Fimreite

14.01.2023 Inge Olav Høyvik

15.01.2023 Magnhild Dregelid

19.01.2023 Sonja Rita K. Heggø

20.01.2023 Arild Johannes Vamråk

11.02.2023 Brynhild Andersen (Sogndal)

21.02.2023 Johnny Vårdal (Holmedal)

Kyrkjebø

20.11.2022 Roar Berge

25.01.2023 Jan Lambrechts

Lavik

30.12.2022 Jenny Hellem

04.01.2023 Jomar Ove Nyland

08.01.2023 Liv Frøydis Norevik

19.01.2023 Marit Fredriksen

24.02.2023 Bergljot Instefjord

Ikjefjord

21.11.2022 Gerd Hildur Underdal

20.12.2022 Harald Brekken

Ortnevik

15.10.2022 Ingvar Bård Thue



Lat oss halde urokkeleg fast på vedkjenninga av vona, for han som gav lovnaden er trufast.
Og lat oss ha omtanke for kvarandre, så vi oppgløder kvarandre til kjærleik og gode gjerningar!
Hebr. 10.23-24.

Gudstenester

29. mars – onsdag

Kl. 18.00 Høyanger v/A. Ester
Samtalegudsteneste

02. april – palmesøndag

Kl. 11.00 Kyrkjebø v/A. Ester
Kl. 17.00 Bjordal v/G. Sørebo
Samtalegudsteneste

06. april – skjærtorsdag

Kl. 11.00 Ortnevik v/G. Sørebo
Kl. 19.00 Lavik v/G. Sørebo

07. april – langfredag

Kl. 18.00 Høyanger v/A. Ester
korsvegmeditasjon

08. april – påskeaftan

23.30 Kyrkjebø v/A. Ester, Påskenatt

09. april - påskedag

Kl. 11.00 Lavik v/G. Sørebo
Kl. 16.00 Bjordal v/G. Sørebo

10. april – 2. påskedag

Kl. 17.00 Vadheim v/A. Ester

12. april – onsdag

Kl. 18.00 Høyanger v/ A. Ester
Gladgudsteneste

23. april – 3. søndag i påsketida

Kl. 18.00 Lavik v/ G. Sørebo

30. april – 4. søndag i påsketida

Kl. 11.00 Kyrkjebø v/ A. Ester

1. mai – mandag

Kl. 18.00 Høyanger v/ A. Ester

13. mai – laurdag

kl. 11.00 Lavik v/ G. Sørebo
konfirmasjon

14. mai – 6. søndag i påsketida

kl. 11.00 Bjordal v/ G. Sørebo
konfirmasjon

17. mai – nasjonaldagen

kl. 10.00 Høyanger v/ A. Ester
kl. 11.00 Bjordal v/ G. Sørebo

kl. 11.30 Vadheim v/ A. Ester
kl. 13.00 Kyrkjebø v/ A. Ester
kl. 13.00 Lavik
kl. 13.00 Ortnevik v/ G. Sørebo

20. mai – laurdag

kl. 12.00 Høyanger v/ A. Ester
konfirmasjon

21. mai – søndag før pinse

kl.12.00 Høyanger v/ A. Ester dåp

27. mai – laurdag

kl. 12.00 Vadheim v/ A. Ester
konfirmasjon

28. mai – pinsedag

kl. 12.00 Sørebo friluftsgudsteneste
v/G. Sørebo

29. mai – 2. pinsedag

kl. 12.00 Lavik v/ G. Sørebo friluftsg.
kl. 15.00 Måren v/ A. Ester friluftsg.

4. juni – treeiningssøndag

Kl. 11.00 Alværa – Alværastemne

18. juni – 3. søndag i treeiningstida

Kl. 12.00 Høyanger v/ A. Ester
friluftsgudsteneste og sommerfest

25. juni – 4. søndag i treeiningstida

kl. 11.00 Lavik



NB: Det kan skje endringar, så følg med i kalendaren på Facebook, og på heimesida vår: www.kyrkja/hoyanger/

INFORMASJON Returadresse : Høyanger kyrkjekontor, Postboks 159, 6991 Høyanger



Takk til Artur for detaljrik miniatyrkyrkje

Artur Szaprowski er busett på Søreide og arbeider på Østerbø Maskin. Han har utdanning som møbelsnikkar, men har seinare også utdanna seg til sveisar. Sidan han kom til Norge frå Polen, har han hatt treskjering og snikring som hobby, og ein kan sjå fleire av kunstverka hans rundt om i bygdene. På nyåret byrja han arbeidet med å lage ein modell av Bjordal kyrkje. Etter om lag seksti arbeidstimar er denne no ferdig. Det har blitt eit særprega resultat, der vi kan finne att små detaljar på kyrkja. Takheller, vindaugssprosser, lister, rekkverk og til og med hanen på tårnet er med. Vi er alle imponerte over arbeidet! Modellen vil vere på utstilling 1. påskedag i Bjordal kyrkje ved høgtidsgudstenesta kl.16.00. Då reknar vi med at mange vil studere detaljane på den flotte kyrkja.

Tekst og foto: Geir Sørebo